

# Kyrkjeblad for Fjaler

nr.1 april 2022  
80. årgang



# GOD PÅSKE!

# Når fred blir eit verb

Fred er eit sterkt ord. Men freden kan vere både syltynn og sårbar. Mange søker ein fred som eit substantiv, ein tilstand der eg har det trygt, eit reservert og beskytta liv, kor freden står stille. Andre søker fred meir som eit adjektiv. Dei vil ganske enkelt ha det fredeleg, roleg og avslappa. Men i Guds munn er fred eit verb, noko levande og kjempande, eit gjerningsord.



Like etter det russiske angrepet på Ukraina, talte Ukrainas president Volodymyr Zelenskij dette til verda: «Do prove that you are with us, do prove that you will not let us go,... And then life will win over death and light will win over darkness.»

17. mai 1940 var ein sorgens dag, og det meste av Norge var okkupert. På den dagen las Nordahl Grieg sitt nyskrivne dikt frå NRK sin radiostasjon i Tromsø, noko som vekte sterke kjensler: «I dag står flaggstangen naken blant Eidsvolls grønnende trær. Men nettopp i denne timen vet vi hva frihet er»

Det var ein som sa det slik: «Berre den som har opplevd krig, veit kva fred er.» No veit vi kanskje meir kva fred er. No forstår vi kva 17.-mai-tale-klisjéane om fred og fridom eigentleg betyr. Når det handlar om vårt eige liv og eksistens, får orda eit heilt anna innhald. Elie Wiesel, Nobels Fredspris-vinnar, sa ein gong at det motsette av kjærleik er ikkje hat, men likegyldigheit.

Derfor må livet handle om å kjempe, for det gode, kjempe for kjærleiken, kjempe for fridom, kjempe for fred. Aldri gløyme! Aldri falle tilbake til likegyldigheita. Historia kan gjenta seg.

Jesus tok ein gong med seg tre læresveinar til

Getsemanehagen for å be. Alle menneske treng før eller sidan venner som kan trøyste og støtte – kanskje berre si tause ved sida når nattemørkret kjem og angsten aukar.

I Johannesevangeliet seier Jesus noko viktig til oss: «Fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!» (Joh 14,27)

I desse dagane treng vi å minne kvarandre på kva som er sterkast av angst og motløyse eller fred og håp. Freden og håpet, trua og kjærleiken er og blir sterkast. Betyr det at alt som er vondt raskt blir borte berre vi tenker gode tankar? Nei, sjølvsagt ikkje. Men det betyr at midt i alt som er vondt skal vi få leite etter og glede oss over det gode. Angsten og motløysa skal ikkje få vinne.

Vi må få auge på dei viktigaste verdiane i livet vårt, og gi dei plass – og kjempe for dei!

«Lat ikkje hjartet dykkar uroast,» seier Jesus. Trua, håpet og kjærleiken vil alltid vere angsten og motløysa si sterkaste motgift.

Hos Gud er fred eit verb, og Jesus seier det tydeleg: «Sæle dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born.» (Matt 5,9)

*Knut Arne Kummeneje*

# På kyrkjebakken

## TAKK FOR MINNEGÅVE TIL LJOSHEIM

Hjarteleg takk for at det vart gitt minnegåve til Ljosheim ved gravferda til Else Karin Hanssen 17.2.2022.

Vi takkar kvar einskild som gav pengar til huset vårt. Fjaler sokneråd takkar for kr. 9 600.

## BOSS VED GRAVPLASSANE

### Vi er takksame om du kan hjelpe oss

**litt!** Særleg om våren når alle skal stelle gravene samstundes, har ikkje bossdunkane plass til alt bosset. For at bosset ikkje skal hope seg opp og flyte utover, bed vi deg om å hjelpe oss. Vi oppmodar deg særleg til å ta med plasten, plastpottar og plastposar heim, og levere det saman med plastavfallet ditt. Vi kunne ha sett opp eigne dunkar for plast, men då plasten må vere heilt rein, har vi dessverre ikkje kapasitet til å vaske pottene før levering.

Takk for at du hjelpe oss til å oppfylle våre forplikningar med å vere grøn kyrkjelyd!



## NYTT HANDIKAPTOALETT I HOVUDETASJEN PÅ LJOSHEIM ER ENDELEG BLITT REALISERT.

Etter at vi i mange år har fundert på korleis vi skulle få plassert eit handikaptoalett oppe i hovudetasjen på Ljosheim, «landa vi på» å ta av småsalen. Toalettet har inngang frå gangen ved sida av døra inn i småsalen. Til det bruket som småsalen hadde, møter og andre små samlingar, er den framleis stor nok. Den gamle kjøkkenløyseringa i småsalen, som i si tid vart «kjøpt» brukt, måtte rivast. Ny kjøkkenløysering frå IKEA blir på veggen inn mot toalettet.

## NY SEKRETÆR

Hildegunn Helleset (54) er tilsett i og godt i gang med jobben som kyrkjeseekretær i Fjaler. Hildegunn er, som namnet tilseier, frå Helleset i Holmedal, tett ved grensa til Askvoll, som dei vart ein del av frå 1. januar 1990.

Sidan 1. desember 2020 har ho hatt tilsvarande stilling i Askvoll, og då det stort sett er same

arbeidsoppgåvene og dataprogram å jobbe med, skulle det gå greitt å tene to herrar. I Fjaler er det nytt og ukjent publikum å førehalde seg til, men etter å ha budd 27 år på Nordfjordeid er det slett ikkje alle ho kjenner i Askvoll heller. Men det kjem seg etter kvart. Hildegunn bur i Dale, og når ho ikkje er på eitt av kyrkjekontora, går tida mellom anna til oppussing av barndomsheimen på Helleset. Hildegunn er mor til tre og bestemor til tre.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjevevja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

# NYTT FRÅ KORA

## DALE BARNEKOR

### Dale barnekor øver no på Dingemoen skule

På onsdagar øver Dale barnekor på trappene utanfor biblioteket frå

kl. 14.30-15.00. Det kan vere enklare for fleire å vere med sidan vi øver rett etter skuletida på skulen – så kan barna gå vidare til SFO, time i kulturskulen eller heime etter korøvinga. Meld barnet ditt på til kontor Mark Taylor 57739774 kontor@fjaler.kyrkja.no



### Treng fleire altar

Blandakoret Cantus har for tida få altar, kvinner som syng den lågaste/mørkaste kvinnestemma, men nye medlemmer, vaksne av

begge kjønn i alle aldrer, er svært velkomne. Øvingar onsdagar kl. 20.00-21.30 på Ljosheim, kyrkjelydshuset på elvesida av kyrkja. Meld deg på til kontor Mark Taylor 57739774 kontor@fjaler.kyrkja.no



### Ny øvingsdag for Guddal familiekor – også for vaksne igjen!

Guddal familiekor øver no annan kvar måndag i partal veker kl. 16-17 i Guddal kyrkje. Både skuleborn, ungdom og vaksne er velkomne – meld deg på til kontor Mark Taylor 57739774 kontor@fjaler.kyrkja.no. Koret satsar å ha

si første framføring på festgudstenesta på 17. mai i Guddal kyrkje.



### Ungdomskoret treng deg!

Er du ein ungdom som er 12 år eller eldre og likar å syngje, er Ungdomskoret for deg. Koret har for tida

berre 3 medlemmer og må bli minst 5 songarar under 25 år i løpet av kalenderåret 2022 for å fortsetje med aktiviteten, helst fleire enn fem. Meld deg på til kontor Mark Taylor 57739774 kontor@fjaler.kyrkja.no

## Krossvandring og Lysvandring ved Dale kyrkje



Frå sist i fastetida og i påsketida har vi to ulike vandringar ståande rundt Dale kyrkje.

Krossvandringa «Via Dolorosa» syner i bilde og med bibeltekst, Jesus sin lidingsveg mot døden på Golgata. Her er det 14 stasjonar med bilde av hendingar i Jesus si lidingssoge.

Lysvandringa «Via lucis», som fokuserer på lyset og håpet frå Jesu oppstode, har òg 14 plansjar med bilde og bibeltekst.

Dei to siste påskene då koronaen hindra oss å ha gudsteneste i kyrkja, har mange gitt tilbakemelding om at det var kjekt og meningsfullt og gå desse vandringane. Sjølv om vi i år endeleg kan opne kyrkja til påskekudstenester, oppmodar vi deg til å ta turen rundt kyrkja og reflektere over bilda og teksten.

**Skal du feire dåp eller konfirmasjon? Eller kanskje ein bursdag?** Ta kontakt med kyrkjekontoret om du ynskjer leige Ljosheim.

facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook:  
[www.facebook.com/FjalerKyrkja](https://www.facebook.com/FjalerKyrkja)

Her finn du oppdatert informasjon om gudstenester, konsertar, osv.

Vi har også heimeside:  
[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)



### «Kyrkjepanna»

Denne panna har stått i Dale kyrkje om lag eit halvt år. Vi reknar med at nokon har gløymt den og ville hente den. Men nei. Er den di? Eller veit du om nokon som har ei panne for lite .....


  
Bufetat

**Har dere rom for en til i familien?  
Nå er det behov for flere fosterhjem  
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

[fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)

Illustrasjon:

### Bladpengar – Gåve til kyrkjebladet

kr 250 for dei som bur innan kommunen.  
kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke

Bankkontonr: 3741.20.73135

Vippsnummer: 557133

Det er bladpengane du betalar som gjer det mogleg for oss å gje ut Kyrkjeblad for Fjaler. Vi er takksame for at de tykkjer det er kjekt å få bladet i postkassa, og at pengar kjem inn på kyrkjebladet sin bankkonto. Vi håpar å kunne fortsetje med å gje ut tre årlege nummer.

Du som bur utanom kommunen, og får bladet tilsendt med adresselapp, må hugse å merke innbetalinga med namn og adresse – også når du betalar via nettbank. Utan adresse får vi ikkje sendt deg bladet.

Alle som har postkasse og bur innan kommunen skal få kyrkjebladet i postkassa si. Det gjeld òg dei som har reservert seg mot reklame. Kyrkjebladet er informasjon og ikkje reklame. Skulle posten svikte deg, har vi alltid blad liggande på kontoret som du kan få.



# Pangstart for Alefa (5)



**Alefa Thomson (5) har oddsen mot seg i et av verdens fattigste land, men hun har fått en start som gir henne flere fordeler.**

Av: Anette Torjusen  
Foto: Håvard Bjelland

– Dere må bare vente litt, smiler Alefa Thomson, i det hun løper og hopper om hverandre over gårdsplassen, og forsvinner mellom hus og klesvask. Femåringen bor i landsbyen Kambuwe i Malawi. Like ved huset hennes har Kirkens Nødhjelp bygd en førskole, grønnsakshage, toaletter og brønner. Prosjektet er del av et større samarbeid med Utviklingsfondet og NMBU som er finansiert av norske myndigheter. – Nå er jeg her igjen, smiler hun, og forteller at hun

bare måtte å se på noen skuespillere som hadde kledd seg ut i gatene.

– Det er akkurat slik hun er, ler mamma Sarah Thomson, og fortsetter:

– Den jenta kan ikke sitte rolig et sekund.

Forebygger sult

Det er ikke gitt at jenter som Alfa vokser seg sterke og sunne i Malawi.

50 prosent av alle barn under fem år har fått hemmet veksten sin som følge av sult, mens kun 40 prosent har tilgang til førskole. Der hvor Norge stort sett topper alle statistikker, kommer Malawi på bunnen som et av verdens fattigste land. Det å få en god start med nok mat, vann, førskole og gode oppvekstvilkår er helt avgjørende for at jenter som Alefa skal komme seg ut av fattigdom.

Alefa er på førskolen hver eneste dag. Akkurat i dag er det matematikk og dans som står på timeplanen. Og hva er vel bedre enn å slå de to fagene sammen. Så det Alefa gjør i dag, er å danse tallene, rett og slett. Der barna lager en stor sirkel som skal symbolisere tallet null.

I kroken sitter to gutter og slår takten på to tomme plastflasker, mens læreren klapper i hendene.

I det de danser kommer lukten sigende. Det er bare å følge lukten, så finner vi frem til kjøkkenet i det lille murhuset rett utenfor. Så kommer signalet alle har ventet på. Maten er klar.

Først løper alle barna til vannkrana for å vaske hendene. Tappekranen er en av 33 som er bygd i prosjektet i området Kalulu.

– Nå er maten her, roper barna, og stiller seg i kø. Det er ikke tvil om at det er 120 sultne barn som nå er klare.

Foreldrene som bytter på å lage maten, er også med i et grønnsaksprosjekt i tilknytning til førskolen. Her får tolv bønder opplæring i moderne jordbruksmetoder. Bøndene lærer om frø, gjødsel, planting og konservering. De får besøk av en agronom hver uke, og de har investert i et vanningsystem som gjør at de kan bruke minimalt med vann ved hjelp av dryppirrigasjon. Grønnsakene som dyrkes her, brukes i maten til førskolebarna.

## Hjelpsom

Vel hjemme fra førskolen ligger ikke Alefa på latsiden. Hun er allerede i ferd med å tenne opp bål for moren sin på kjøkkenet. Til middag i dag står nemlig maisretten nshima på menyen. Etter at hun har tent opp, løper hun bort til vannkrana med den lille bøtta si for å hente vann til middagen.

– Hun er utrolig hjelpsom, hun vet ikke hva godt hun kan gjøre.

Sammen med søskenflokket på seks, bor hun i et lite hus, men det er nok av oppgaver som må gjøres.

– Jeg feier ofte gulvet, serverer mat, vasker opp og henter vann, forklarer hun.

Med kort vei til mat, vann, førskole og skole, har Alefa store muligheter for å nå langt.

Forskning viser nemlig at de første årene av et barns liv er viktige med tanke på videre utdanning. Barn som har gått på førskole, klarer seg bedre på skolen og har større sjanse for å gjennomføre og få seg en videre utdanning.

– Etter jeg har spist skal jeg tegne med vann i sanden, smiler hun.

## DØR-TIL-DØR-AKSJON

### i Fjaler

**Søndag 3. – tysdag 5. april**

I årets fasteaksjon fortset vi å seie: «Ja, vi elsker dette vatnet», fordi vi veit at reint vatn er livsviktig og heilt avgjerande for all utvikling. Dei siste åra har vi sett at det har skjedd ein positiv utvikling i mange land.

Det er færre som lever under fattigdomsgrensa, og fleire har fått tilgang til reint vatn, men om vi skal ha håp om å nå utviklingsmåla som verdas politikarar har blitt einige om, må vi heile tida fortsetje å kjempe for denne viktige saka.

Kyrkjelydane i Fjaler vil vere med på dette, og gjennomfører ein dør-til-dør-aksjon på aksjonsdagen til Kirkens Nødhjelp – i veka før palmesøndag. Størsteparten av dei som går er konfirmantar, men også vaksne bøsseberarar deltek i aksjonen.

#### Konsert

Vi avsluttar fasteaksjonen med ein Solidaritetskonsert i Dale kyrkje tysdag 5. april kl.20.00 der Ungdomskoret, studentar frå UWC og kulturskulen deltek.

Vi oppmodar alle til å ta godt imot bøsseberarane våre! Ditt bidrag er veldig viktig!



Gje fleire barn som Alefa reint vatn og ei framtid

For **250 kr** gjer du eit menneske varig tilgang til reint vatn

**VIPPS til 2426**

eller gje til konto 1594 22 87493

Kirkens Nødhjelps fasteaksjonen 2022



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

# Han var prest i heile 50 år

For 35 år sidan drog Kåre Mestad til Alversund etter 11 aktive år som sokneprest i Fjaler. Fleire viktige saker fekk si løysing i hans tid her. I februar runda han 85 og bur åleine i huset i Stølen, etter at kona Ingunn gjekk bort for eit halvår sidan.

Det er ikkje vanskeleg å få Kåre Mestad til å seie noko fint om åra i Fjaler, og mange her hugsar han godt og snakkar om «i Mesta'n si tid» som om han reiste førre veka.

## Kalla til prest

Kåre er fødd og vaks opp på Espeland i Arna, nær Janus-fabrikken, for dei lokalkjende. Han var med i barne- og ungdomsarbeidet knytt til Indremisjonen og bedehuset. - I gymnastida vart det klart at eg ikkje kom forbi det å bli prest, seier Kåre og ser det som eit kall.

Ved Janus-fabrikken fekk mange unge jenter frå kringliggjande bygder arbeid, nett som i skofabrikken her hos oss. Ei av dei var Ingunn Langedal frå Modalen. Vi veit korleis det enda: Ingunn og Kåre gifte seg i 1962 og fekk nær 60 år saman som ektefolk.

## Mykje på farten

Etter seks fine og interessante år med godt studentmiljø på Menig-

hetsfakultetet (MF), vart Kåre ordinert i 1964. Då bar det rett til Andøya flystasjon og eitt års feltprestteneste. Der vart han spurd om han kunne tenkje seg å vere skulelagsprest i Nordland, med bustad i Bodø. Det ville han, og dei flytta dit i januar 1965.

- Denne stillinga bar i seg opp til 150 reisedagar i året i Ofoten, Vesterålen, Lofoten og Helgeland. Bil hadde eg ikkje, så det vart mykje buss og Hurtigruta på meg. Sidan vi no hadde tre born, vart det mykje for Ingunn heime, tøffare enn eg forstod, seier Kåre ettertenksamt.

## Prest og politiker

I 1968 søkte Kåre to prestestillingar, i Vaksdal og Hadsel i Vesterålen. Så fekk det verte opp til Gud og departementet kvar dei skulle ende. Det vart Hadsel, med bustad på Melbu, i det geografiske skjæringspunktet mellom Vesterålen og Lofoten, og med «kjendisar» som Trollfjorden og Raftsundet innanfor soknegrensene. Der var fem faste preikestader, i tillegg til at dei nytta skulehus, og dei hadde 12-14 gravplassar. Ofte samlast dei i heimen og tok båra med i skøyta. - Så eg var mykje i båt, seier Kåre.

- Og mykje sjøverk?

- Nei, det var ikkje så gale med det. Hadsselfjorden kunne saktens vere grov, men så lenge eg heldt



Etter at Ingunn gjekk bort i fjor haust, bur Kåre Mestad åleine i huset på Stølen i Alversund, men han har fleire av borna nær, så han har ofte besøk og hjelp i huset til det som trengst. 13. februar fylte han 85 år.

meg i styrehuset med skipperen, gjekk det bra. Gjekk eg derimot fram i lugaren, tok det ikkje lang tid før eg vart sjuk. Det hende også at det ikkje var vêt til å ta ut. Men alt i alt hadde vi ei fin tid der nord, sjølv om det korkje var snakk om kvartalsfri eller andre gode som prestane fekk seinare. Sommarferien var det einaste pusterommet. Då veksla vi mellom å dra sørover til familien og å farte rundt i Nord Norge, seier Kåre.

Endå om arbeidet kravde mykje, engasjerte Kåre seg politisk for KrF i kommunestyret og som varamann til formannskapet. Då han flytta, rykte varamann Dag Jostein Fjærvoll opp, og han vart som kjent både ordførar, stortingsmann og statsråd. Kåre var landsstyremedlem i Presteforeninga 1971-73.

## Første preika i Guddal

Tanken på å dra sørover mognast etter som foreldra vart eldre og meir skrøpelege. Så då det vart lyst ut to stillingar i Sunnfjord; Fjaler og Gaular, vart loddet kasta: Kåre søkte begge. Han var einaste søkjaren i Gaular, men det vart Fjaler, og 27. juni 1976 vart han innsett i tenesta av prost Anders Myklebust i Dale kyrkje.

Men det var ikkje første preika hans i Fjaler. For den gongen var det fast



Ein av dei mange gode dagane i Fjaler, nytt orgel blir teke i bruk på Hellevik i 1980. F.v. rundt bordet Ivar Jarle Eliassen, domorganist i Kristiansand Eilert O. Hægeland, Kåre Mestad og Albert Lang frå leverandøren Starup i Danmark. Kven tok forresten siste mjølkeka då bildet var teke?





Frå innsetjingsdagen, utanfor Ljosheim, i ruskevêret, Ingunn og Kåre med f.v. Idar, Ingvild, Oddrun og Kari. (Firda)

med gudsteneste på Guddal jonsokdag, uansett kva vekedag den fall på, så debuten laut han ta der, tisdagen før. Med seks born i alderen 10 månader til 13 år, vart det liv og røre i prestegarden på Bjerga, samstundes som dei var aktive i lag og organisasjonar.

### Nytt kontor, nye stillingar

Han var åleineprest i Fjaler, men strategen Kåre visste at i departementet var der bundne midlar til ei tidlegare kapellanstilling. Noko av desse lukkast det å få frigjort til ei stilling som kyrkjelydssekretær. Den hadde Margot Johanne Ugulen i kring fem år, fram til Trygve Ebbe-svik kom som kallskapellan i 1982. Prestekontoret var i prestegarden, men ikkje mykje å rope hurra for. Mørkt og trist og dårleg utstyrt. Ikkje var der plass til to heller. Men våren 1980 vart Fjalerhuset offisielt teke i bruk, og med etatane samla der, vart det frigjort kontorplassar rundt i Dale. – Vi søkte om og fekk overta det skulekontoret hadde hatt i Firda Billag-bygningen. Der var gode møblar, kopimaskin og rikeleg plass. Ikkje vart det så dyrt for kommunen heller. Einaste aberet var i grunnen trappene, men alt i alt ei god løysing for oss, seier Kåre.

### Organist og orgel

Det som på kyrkjefronten likevel har betydd mest for folket Fjaler i åra


som har gått, er nok organist i full stilling og orgelet i Dale. - I første omgang fekk vi ingen søkjar, så eg skreiv ein artikkel i fagbladet til organistane og klaga mi naud der. Då kom Ivar Jarle Eliassen på bana, og vi veit alle at det var ein lukketreff med alt han var og fekk i gang. Det kom nytt orgel på Hellevik medan han var her, og vi rulla i gang snøballen «nytt orgel i Dale kyrkje» minnest Kåre. Saman med orgelnemnda hadde han regien på tre runder med husstandsinnnsamling, sal av juleplattar, offer i kyrkja, basar m.v. Folket slutta opp om tiltaket, og det var ein stor dag då dei hadde nådd 300.000 kroner, og kommunestyret gjorde vedtak om å kjøpe orgel med 20 stemmer frå danske Bruno Christensen.

Endå om det kunne vore ønskjeleg med større kyrkjesøknad, stod den kyrkjelege tradisjonen sterkare i Fjaler enn på Melbu, med dåp og oppslutnad om konfirmasjonen. Mange var aktive i foreiningar og ikkje minst var Ljosheim eit stort pluss i alt arbeidet. - Tida i Fjaler var vel også den då eg hadde mest krefter, seier Kåre, som også fekk eitt-åringstenesta på plass.

### Aktiv i nær 50 år

Men i 1987 var det slutt, og 50-åringen vart utnemnd til sokneprest i Alversund og prost i Nordhordland. Å innsetje han var forresten siste embetsgjerninga til dåverande biskop i Bjørgvin, Thor With. Etter 14 år trappa Kåre ned og var berre prost i 60 prosent, fram til 2004. Men han tok ein god del enkeltoppdrag og vikariat lokalt heilt fram til 2014, og haustane 2005, 2006 og 2008 var han sjømannsprest på Lanzarote, sju veker kvar gong. Det var travelt, men veldig fint å vere der, varmt og godt. Som 77-åring, i 2014, hengde han bort prestekjolen og stolaen for godt.

På fleire måtar vart tida i Alversund mykje lik den i Fjaler. Også der måtte dei få nytt kyrkjekontor, og Kåre var aktiv i arbeidet med å få på



27. juni 1976 var Kåre Jens Mestad innsett som den 30. soknepresten etter reformasjonen i Fjaler av prost Anders Myklebust. (Firda)

plass ny kyrkje i Knarvik. Der sette dei inn eit sveitsisk orgel med over 30 stemmer, takk vere fem millionar frå Trond Mohn. Kåre var med i kommunestyret frå 1997 til 2001, då Ingunn og han flytta inn i huset dei bygde i 1997.

Augesjukdommen aldersrelatert macula degenerasjon (AMD) der synet svekkjest gradvis, har valda han vanskar, men alt i alt tykkjer Kåre at livet har fare fint med han. Mor hans hadde same synsplagene, men ho vart 110 ½ år. Faren døydd av kreft berre 63 år gammal. No er Kåre «midt mellom» dei. Han har fleire av borna buande ganske nær, og dei er innom og hjelper til med eitt og hitt.

### Skilje måtte komme

På den kyrkjeplolitiske fronten meiner han det var både fordelar og ulemper med statskyrkja, men med ein stadig meir sekulær stat, var det ikkje veg utanom eit skilje. På spørsmål om han er glad han var prest i ei mindre turbulent tid, med færre stridssaker, seier Kåre: - Jau, eg må vel kanskje innrømme det, og at eg ikkje heilt greier å fordøye alt som kjem. Men eg er no ikkje åleine om det, og eg gler meg over gudstenestefellesskapet og samvær på eldretreffa, seier Kåre.

Tekst og foto: Atle Lyngstad Ness

# Konfirmantane møtte Farmen-presten



Konfirmantane fekk møte «Farmen-presten» Thor Haavik med SAMAN-teamet på Alværa.



Thor Haavik heldt gudsteneste der han fortalte om egne erfaringar om det å tru på Gud.

20. oktober i fjor var Fjaler- og Askvollkonfirmantane på tur til Alværa misjonscenter og møtte «Farmenprest» Thor Haavik som er kapellan i Salhus. Thor har sin eigen youtube-kanal og er ein markant forkynnar. På Alværa snakka han om tema som

- om det finst gode grunnar for å tru på Gud?
- om du nokon gong har tenkt over kor du høyrer heime?
- om kyrkja kan vere ein heim?

Det var mat og ulike aktivitetar, og samlinga blei avslutta med ei flott gudsteneste med band og forsongarar.



SAMAN-teamet bidrog med kjempebra musikk og song denne kvelden på Alværa.

# Fjaler sokn støttar NMS sitt arbeid i Midtausten.



Home delivery - eller hjemmelevering - er vanlig i Kairo, ikke bare for pizza. Også Bibelen kan bestilles og få levert hjem. En av de som jobber for det egyptiske bibelselskapet er Bishoy. På egen sykkel og med en beskjeden godtgjørelse trækker han rundt i storbyen. Bishoy er en ung mann som går i siste klasse på videregående i Kairo. I tillegg går han på engelsk-kurs, så han er etter hvert godt skolert og dermed en litt atypisk visergutt. Han kunne nok fått en mye bedre betalt deltidsjobb, men det er han ikke interessert i. Det er bibler jeg vil levere, sier han og understreker at han vil utgjøre en forskjell. – Å levere bibler er er god bruk av tiden og kreftene mine. Jeg ser fram til å føre dette inn på CVen min i fremtiden: Visergutt for Bibelselskapet i Egypt!

#Midtøsten



## Millioner trenger hjelp

Midtøsten har vært preget av konflikter på mange nivåer, og preges av store utfordringer med flyktninger, økonomi, og menneskerettighetsbrudd.

Koronapandemien har forsterket disse utfordringene, og millioner av mennesker er avhengig av humanitær bistand for å få dekket sine grunnleggende behov. Hvis den negative trenden ikke endres, kommer over 45 millioner mennesker i regionen til å trenge en eller annen form for assistanse.

Kristne møter motstand på flere måter, som for eksempel trakassering fra myndigheter. Det kan være alt fra byråkrati som legger hindringer i veien for kirkebygg, til konvertitter som blir forfulgt og fengslet. Kvinner er spesielt truet av å bli drept på grunn av skammen omvendelsen har ført over familien. NMS sine partnere i Midtøsten jobber blant annet med konflikt, kjønnsbasert vold og menneskerettigheter.

En av våre partnere er den internasjonale tv-kanalen SAT-7 som har et prosjekt som heter «Current Affairs». Her fokuseres det på minoriteters rettigheter, og holdningsskapende arbeid hvor målet er fredelig sameksistens mellom majoritet og minoritet i Midtøsten. Særlig de kristne er en utsatt minoritetsgruppe.

I Pakistan støtter NMS menneskerettighetsorganisasjonen CLAAS. De gir gratis rettshjelp til utsatte minoriteter som møter vold i samfunnet, og urettmessig behandling i rettssystemet. Et eksempel er denne historien:

«Nadia er en ung muslimsk dame som forelsket seg i en kristen mann som jobbet i huset til foreldrene hennes. Da det ble kjent, ble familien veldig sinte. De truet henne og hun flyttet inn til familien til kjæresten. Etter en tid hadde gått, innkalte Nadias mor henne og mannen til et forsoningsmøte på et offentlig sted i byen. Dessverre var det en sammensvergelse og da de ankom plassen, åpnet faren og broren til Nadia ild. Ektemannen ble skutt ti ganger og døde. Nadia ble skutt seks ganger, men overlevde. Hun var lenge på sykehuset. Legene ville ikke hjelpe henne med det første, siden dette var en politisk sak, og de var redde. CLAAS overbeviste legene og hjalp med å betale regningene fra sykehuset og ga henne beskyttelse ved å gi henne et tilfluktssted.»

Middle East Concern er en annen menneskerettighetsorganisasjon NMS har som partner. Prosjektet vi støtter heter «Assistance to persecuted Christians». Det hjelper forfulgte kristne med et spesielt fokus på kvinner og barn, som tilfluktssted, advokater, praktisk assistanse (mat, medisiner), bønn, rådgivning eller flukt innad i regionen eller ut av regionen.

*Nils Endre Eikeland*

# Appell og bønn for Ukraina fra Kirkens Nødhjelp

En alvorlig humanitær krise utvikler seg nå i Ukraina. Det er grunn til å frykte at mange liv vil gå tapt, at et stort antall mennesker blir drevet på flukt og at sårbare grupper blir rammet ekstra hardt. Kirkens Nødhjelp er nå i dialog med sine partnere i den globale ACT-alliansen for å avklare hvordan de best kan møte de voksende humanitære behovene.

Takket være midler som er samlet inn i Norge blant annet gjennom juleoffer og fasteaksjonen, kan Kirkens Nødhjelp støtte katastrofeinnsats slik det nå er behov for i Ukraina. De har foreløpig bevilget 1 million kroner fra innsamlede midler til å møte de voksende humanitære behovene.

Be med oss om fred i Ukraina:

Gud, vi roper til deg i vår nød!

Vi ber for de mange som nå rammes av krisen i Ukraina. Gi utholdenhet og styrke til de som er i ferd med å miste alt.

Beskytt de sårbare, gi styrke til de som har mistet sine nærmeste og sitt livsgrunnlag.

Gi håp hvor fortvilelsen er sterkest, mot og trygghet til å gå videre og styrke til ikke å gi opp. Vi ber om fred!

Vi ber for de som er tilstede i katastrofen. Vær nær dem som bidrar til at mennesker blir sett og får mat og vann, og hjelp til å redde livsgrunnlaget.

Hjelp oss å dele våre ressurser, til å forplikte oss til kjærlighet og medfølelse, og til å gjenkjenne Guds ansikt hos hvert eneste menneske som lider.

Amen



## Velkommen til dåp!



*Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort.*

*Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:*

*«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje!*

*For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk:*

*Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»*

*Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.*

*Markus 10, 13-16*

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødte barn. Derfor får vi ikkje sende ut "Velkommen til dåp" til nybakte foreldre slik vi gjorde før.

**Ta kontakt om du vil døype!**

Send epost til [kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no)

eller ring 57 73 97 70.

Også større barn, ungdom og vaksne kan bli døypte.

Gudstenestelista finn du i kyrkjebladet eller på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no).



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Fjaler sokn

# 55.000 kroner til Ljosheim

Medrekna ei gåve på 1.000 kroner som kom samstundes, vart det drygt 55.000 blanke kroner i kassen etter Ljosheimbasaren i år. Mange skal takkast, mest av alle: Marie Skadal. Den årlege basaren har vore eit fast innslag og ei god inntektskjelde for Ljosheim i alle år. Etter som Ljosheimforeninga gjekk inn, og dei som drog lasset der i årevis trekte seg tilbake frå aktivt arbeid, har Marie Skadal hatt storparten av ansvaret for basaren og ikkje minst sy og brodere mykje av gevinstane. Ho kom med i Hilda Haugen si leiartid, sidan tok ho over ansvaret. Når Marie er halden fram som drivkrafta for Ljosheimbasaren meir enn nokon annan, skal vi skunde oss å leggje til det alle veit: utan at mange opnar lommebøkene og kjøper lodd på førehand, og lodd og årar basardagen, var det inga hjelp i alt det fine handarbeidet. Kakebakarar, dei som gjev vinstar og frivillige er også med på laget. Årets resultat er ikkje rekord, men om vi kan få skulde litt på koronaen her også, samt nye betalingsmåtar (vipps) og at ikkje vaktplanen for loddseljarar i butikkane før basaren var komplett, må vi seie oss nøgde med resultatet.

Og pengane kjem vel med. Det er stadig noko som krev kapital i Ljosheim. Førebels sist ut er universell utforming med rullestolrampe, rekkverk og handicaptaolett. Slikt er dyrt, og om basarpengane åleine ikkje rekk til alt, er dei til god hjelp. Til sist er å vone at mange kjenner seg kalla til å vere med i arbeidet for Ljosheim, slik at det vert basar sinare år også. Om mange nok melder seg, kan vi ta opp igjen tilbodet om å ha minnestund etter gravferder der. Det har vore etterspurt.

Tekst og foto: Atle L. Ness



Marie Skadal hadde ikkje berre ansvar før basaren, saman med Knut Arne Kummeneje sytte ho også for programinnslag.



- Kring 70 store og små var sessa ved borda på basaren, og dei fekk servert eit godt kakemåltid, midtvegs i åresalet. Basar er kjekt, og viktig, ikkje minst på Ljosheim.



- Det står stor respekt av alt det fine handarbeidet som vart loddta ut. Både strikkepinnar, sy og heklenåler heldt stø kurs fram mot basardagen. Og resultatet vart godt. Også dei som ikkje vann, støtta ei god sak. Det er ein gevinst det óg!

# «Alle er velkomne til minnestund på Ljosheim»

Ja, slik heitte det i mange dødslysingar om vi går tilbake i tid. Men sidan koronaen skola innover landet for to år sidan, har det ikkje vore minnestund på Ljosheim. Skal det halde fram slik, eller kan vi få tilbodet på plass att for dei som ønskjer å nytte det?

I år er det 75 år sidan arbeidet med å samle pengar til eit kyrkjelydshus tok til. Mathilde Døskeland var første leiaren. Det skulle ta om lag 18 år før huset stod ferdig og kunne takast i bruk. Ljosheimforeininga arbeidde trottig i mange, mange år og baksa seg fram gjennom økonomisk trange tider. Å skipe til den årlege basaren og dei mange minnestundene, var sikre og gode inntektskjelder som i hovudsak har finansiert opprustinga av huset.

Huset var ei felleseige mellom Dale indremisjon og Dale kyrkjelyd, men då indremisjonen ikkje lenger hadde aktive som kunne ivareta deira oppgåver, plikter og rettar, vart kyrkjelyden eieeigar, for fire år sidan. Sjølv om det var eit bra hus dei reiste i 1965, har behovet meldt seg til utbetring og fornying. Det siste som kom på plass i år, er handikaptaolett i hovudhøgda og ny kjøkkenløsning i småsalen. Der er nyleg komme på plass rullestolningang med rekkverk.

Tidlegare er kjøkkenet utvida og nyleg rusta opp med ny innreiing og nytt dekkety. Golv, stolar og bord er på plass i hovudsalen. Vindauge er skifta og varmpumper er montert m.v. Så det er lagt ned betydeleg innsats, både praktisk og økonomisk, for å ha eit tidsmessig hus som mange kan nytte.

Kyrkjeverje har administrert bruken av huset og ordna med vertar på minnestunder etter at Ljosheimforeininga slutta å eksistere. Der er også eit eige styre for huset. Sjølv om foreininga gjekk inn, har det lukkast å ha Ljosheimbasarar med verdifulle inntekter. Dette er mest Marie Skadal å takke. Ho har sydd og brodert og administrert loddsal og sjølve basaren i fleire år. Men mellom Ljosheims venner finst òg andre som har komme med vinstar til basaren og opna portemonéane og kjøpt lodd. Ljosheimbasaren vil «alle» ha med seg!

Det store spørsmålet er om vi no, sidan det er slutt på meteren og munnbindet er lagt bort, skal greie å stable på beina eit lag som vil ta på seg å skipe til minnestunder i samband med gravferd når nokon ønskjer det? Huset er godt brukande til det, og det ligg lagleg til. Vi skal ikkje lage betasuppe frå grunnen, slik dei gjorde før, men der bør vere fire personar kvar gong som ordnar med duking av bord, servering, rydding og oppvask.

Dei som var med før koronaen kom, er for det meste



eldre kvinner som meir må få tusen takk for innsatsen, enn spørsmål om å gå på igjen. Likevel: Har dei lyst og helse til det, er dei sjølsagt velkomne til å vere med. Men oppmodinga om å melde seg til teneste går først og fremst til dei litt yngre. Også menn. Mellom dei som er i starten på pensjonistlivet finst det vonleg nokre som har lyst å gjere ein dugnadsinnsats nokre timar for året. Det er sosialt og kjekt.

Dei som kan tenkje seg å hjelpe til på minnestunder, eller vil vite litt meir kva det dreier seg om, kan kontakte underteikna direkte eller i telefon 911 49 806. Om ikkje før, håper vi å vere i gang til sommaren.

*Atle Lyngstad Ness*



# Den heile skapning stundar no fram til sumars tid

Linjene er frå salme 844 No livnar det i lundar, ein kjend og kjær vårsalme som er også ein pinsesalme. Den nordnorske teologen Elias Blix skreiv teksten i 1875. Underet som skjer i naturen etter ein lang vinter med frost og kulde blir nytta i overført tyding, som bilete på det åndelege livet, Guds folk og kyrkje. Våren blir eit varsel om det evige, fullkomne livet, ein betre vår i det fullenda Gudsriket, med kjærleik heil og klar og lovsong til Gud utan feil.

Kulde og dei mørke dagane refererer til tida i mellomalderen før reformasjonen, då det stod dårleg til forkynninga av Guds ord. Guds Ark som var borte er paktkista med dei ti boda, som vart ført bort av filistarane ei stund og blei heilt borte i 587 f.Kr. Arken var eit symbol på Guds nærvær og tapet av arken på Guds fråvær.

Heldigvis sende Gud sin Ande og «då lauvast det i lier, då livnar det i lund» igjen, både historisk sett med reformasjonen, men også i dei kristne hjarta som fraus og klaga. Lyset og varmen i naturen er bilete på Guds ord som alltid lyser og Anden som losnar tungebåndet. Jesus sa: «De er lyset i verda! Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast.» (Matt 5, 14) - «Guds kyrkje lysa skulle som høgt på berg ein stad», som den nordnorske sommaren utan solnedgang. Må Guds Ande si vekking med vekst, lys og eld gjer at det «gløder kring i grender». Nyt den fine naturen om våren og be om atterføding og gode åndelege vekstvilkår i ditt liv og i kyrkja vår. God vår, god pinse og god sommar!

MT



- |  |  |   |
|--|--|---|
| <p>1 No livnar det i lundar,<br/>no lauvast det i li,<br/>den heile skapning stundar<br/>no fram til sumars tid.</p>         | <p>5 Men stundom kom det kulde<br/>på Herrens kyrkjemark.<br/>Det var som Gud seg dulde,<br/>og borte var Guds ark.</p>    | <p>9 Då ljøsar det i landet<br/>frå fjell og ned til fjord.<br/>Då losnar tungebåndet,<br/>då kved Guds folk i kor.</p>   |
| <p>2 Det er vel fagre stunder<br/>når våren kjem her nord<br/>og atter som eit under<br/>nytt liv av daude gror.</p>         | <p>6 Det var dei mørke dagar,<br/>Guds ord var fåhøyrd segn.<br/>Og hjarta frys og klagar,<br/>det saknar sol og regn.</p> | <p>10 Då skin det over strender<br/>som sol ein sumarkveld.<br/>Då gløder kring i grender<br/>ein heilag altareld.</p>    |
| <p>3 Guds kyrkje lysa skulle<br/>som høgt på berg ein stad,<br/>med sumar utan kulde<br/>og utan solarglad.</p>              | <p>7 Så sende Gud sin Ande<br/>som dogg på turre jord.<br/>Då vakna liv i lande,<br/>då grøddest vent Guds ord.</p>        | <p>11 Du vår med ljose dagar,<br/>med lengting, liv og song,<br/>du spår at Gud oss lagar<br/>ein betre vår ein gong,</p> |
| <p>4 Guds ord vel alltid lyser,<br/>den sol gjeng aldri ned.<br/>Det hus som Anden hyser,<br/>ligg støtt i ljøs og fred.</p> | <p>8 Då er det sæle tider<br/>for Kristi kyrkjegrund.<br/>Då lauvast det i lier,<br/>då livnar det i lund.</p>             | <p>12 då me med vigsla tunge,<br/>med kjærleik heil og klår,<br/>alt utan brest og sprunge<br/>skal lova Herren vår!</p>  |



# Velkommen til påskevandring!

Påska har sitt viktige budskap om då Jesus rei inn i Jerusalem på palmesøndag. Dette var starten på hans lidingssoge, der læresveinane åt det siste måltidet med han på skjærtorsdag, før Jesus dagen etter døydde på krossen.

Men det slutta heldigvis ikkje der. For tre dagar etter stod han opp igjen av grava og sigra over døden. Dette var ei så fantastisk hending at budskapen om hans oppstode spreidde seg over heile verda – også til Norge. Det blei bygd kyrkjer, landet vårt blei styrt av kristne kongar, og kyrkja starta også dei første skulane.



Kyrkja i Fjaler vil invitere born til å delta og høyre om denne fantastiske historia som hende i påska for 2000 år sidan.

Dei som går i 3.klasse tilhøyrande Dale kyrkje vil bli invitert til eit opplegg med påskevandring i april.

Det vil bli ei samling i Dale kyrkje torsdag 21. april kl. 11.45-13.15.

Opplegget vil bli avslutta med Barnas påsegudsteneste:

- søndag 24. april kl. 11.00 i Dale kyrkje

Påskevandrarane vil då få utdelt påskebok i gudstenesta. Vel møtt!

TRENGER DU NOEN Å  
SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde.  
Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

**KIRKENS**  
**SOS**

# Velkommen til konsertar!

**Tysdag 5. april kl.20.00**

## Solidaritetskonsert i Dale kyrkje

Vi avsluttar Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon for reint vatn med solidaritetskonserten for og med ungdom, men folk i alle aldrar er velkomen som publikum. Musikarar og songarar frå UWC og Ungdomskoret vil framføre mange fine songar og det vert informasjon om fasteaksjonen og andakt ved soknepresten. Vi gleder oss til å saman mobilisere, slik at fleire menneske får tilgang til vatn. Kollekt ved utgangen til fasteaksjonen som har fått tittelen «Håp i en dråpe vann». Vel møtt.



Mark Taylor held orgelkonsert i Folkestad kapell.

## Søndag 17. april kl.18.40 Orgelkonsert 1. påskedag i Folkestad kapell – tredje forsøk!

Det ser ut til at det endeleg vert orgelkonsert før høgtids-gudstenesta i Folkestad kapell 1.påskedag i år! Kantor Mark Taylor vil framføre orgelkonsert i B dur opus 4 nr 6 av Händel. Händel komponerte konserten i 1736 opphavleg for harpe, men seinare arrangerte han konserten for orgel. Like etter dei fyrste framføringsane, fekk Händel to slag og mista bruken av si høgre hand og arm. Denne konserten var då siste gongen han viste fram sine ferdigheiter i orgelspel. Konserten var komponert som ein del av korverket «Alexander's Feast», som sigersmusikk på festen etter at Aleksander Den Store hadde vunne slaget mot Darius. Den majestetiske musikken passar difor til framføring på påskedag, når vi feirar Jesu siger over døden. Vel møtt.

**Onsdag 1. juni kl.19.00**

## Orgel- og pianokonsert i Dale kyrkje

*Ebony and Ivory: Eit mangfald av fargerik orgel- og pianomusikk v/Mark Taylor.*



Det nye konsertpianoet i Dale kyrkje.

Tittelen til konserten er henta frå Paul McCartney sin song *Ebony and Ivory* som har refrenget:

*Ebony and ivory live together in perfect harmony, side by side on my piano keyboard, oh Lord, why don't we?*

McCartney spelte inn songen i 1982 med Stevie Wonder, ein song mot rasisme. Som dei svarte og kvite tangentane på pianoet skapar fin harmoni, kan også menneske av ulike hudfargar leve godt saman. Konserten startar med tittelsongen *Ebony and Ivory* spela på det praktfulle nye konsertpianoet i Dale kyrkje og fortset vekselvis med verk av komponistar av afrikansk og europeisk opphav. Du vil høyre musikk frå England, Nigeria, Tyskland, Ungarn, USA og Noreg av komponistar som Coleridge-Taylor, Liszt, Praetorius og Sandvold. Mykje av musikken er inspirert av kjende salmetonar og spirituals som *Vår Gud han er så fast ei borg*, *Deep River*, *Go Down Moses*, *Når vi deler det brød som du oss gir* og *Din riksak*.

Kollekt til konsertpianoet. Velkomen til ein liten time med fargerik musikk!

**Søndag 14. august kl.19.00**  
**Bjørn Tomren med band i Dale kyrkje**  
**– avsluttande konsert i Dalsfjordveka**



Bjørn Tomren har i haust imponert heile Norge som den mest særeigne artisten i den populære NRK-serien «Stjernekamp». Med sitt unike uttrykk og sin eineståande formidlingsevne har Tomren på kort tid rukke å bli folkeeige, og har blitt omtalt som «den kulaste artisten i Stjernekamp gjennom tidene».

Artisten, låtskrivaren og komikaren fra Tomrefjorden er også kjent frå den notoriske jodle- og trekkspelduoen Polkabjørn & Kleine Heine, som blant anna har varma opp for a-ha og blitt stjerner i dokumentarfilmen om seg sjølv, «Kunsten å jodle». I 2019 ga Bjørn ut sitt første album, «Bad Science Fiction» til overveldande kritikkar. Avisa Bergens Tidende karakteriserte plata som «så mørk at man kan drukne i den». Tomren sjølv kallar det dystopisk sci-fi country som du kan lytte til i bakrus. Som ein av landets mest allsidige musikarar spenn Tomrens musikalske rekkevidde frå americana og religiøse folketonar til jazz, viser, jodling, strupesang,



dialekt-punk og psykedelisk-protest musikk. Bjørn Tomren har også gjennomført fleire ekspedisjonar og innehar verdensrekorden i flest forseringar av Norge på langs; i kajakk, til fots, på ski og i robåt. Han kan og sjå attende på ei kort karriere som klovn. Eller som forfattaren Erlend Loe seier det: «Bjørn Tomren er ikke bare en gudbenådet musiker med fantastisk stemme. Han kan også sykle på ett hjul». Stjernekamp er ikkje den første konkurransen der Tomren gjer seg bemerkta. I 2017 deltok han på verdensmesterskapet i strupesang i Tuva, og tok heim en bronsehest.



**NULL**  
**STRESS**  
 VI TAR DET PÅ  
**vøpps**

# I Fjaler er godt å vere



I drygt 20 år hadde Joy Taylor jobben som kyrkjeseekretær, med varierte oppgaver og møte med menneske i heile livsløpet. I 14 år var ho også kyrkjetenar i Dale.

**Etter drygt 20 år som kyrkjeseekretær og om lag 14 år som kyrkjetenar i Dale, er ikkje Joy Taylor lenger tilsett i Fjaler. Ho har i staden «flytta» til Sunnfjord kommune, med Førde og Sande som arbeidsstad.**

Då Joy og Mark kom til Fjaler i 1994 var tanken: «Vi kan prøve eitt år eller to, så ser vi korleis det går». Dei er her enno, i seg sjølv eit bevis på at her er godt å vere.

Joy, døypt Elizabeth, med z, som dronninga, kjem frå Croydon, sør i London. For mange mest kjent for fotballaget Crystal Palace, men fotball er ikkje noko Joy bruker tid på. På University of Essex vart ho kjend med

Mark Taylor frå Devon. Etter eit halvår inviterte han henne med på jazzkonsert, og dei forlova seg før han drog til USA og vidare utdanning. Då han kom heim, etter to år med flittig brevskrivning, gifte dei seg.

## Tilfeldig til Fjaler

Det var vanskeleg å få jobb som organist i England på den tid, og då Mark såg ledig organiststilling på Vestnes ved Molde i ei engelsk avis, søkte han. Men han fekk aldri noko svar, visstnok fordi han som hadde stillinga ikkje slutta likevel. Men så ville det seg slik at kontor- og personalsjef Cecilie Wilhelmsen i Fjaler hadde fått nyss om den jobbsøkjande organisten, fekk tilsendt papir og vitnemål, og tok kontakt. Det enda med at Joy og Mark kom hit på 10-dagars «bli-kjent-opphald» og budde dels i

prestegarden, dels i lillingstonheimen. Det var full klaff – vakkert land, hyggjelege menneske og gode arbeidsforhold, så dette ville dei prøve, med bustad i Hatledalen. Dei drog heim att og pakka det dei måtte ha med seg. Kort tid før dei gjekk om bord i båten i Newcastle, hadde dei fått «to blå strekar på pinnen» - så i staden for to, kom dei tre til Dale i september 1994. Her gjekk dei raskt i gang med å lære seg norsk, med Signe Nitter som lærar.

## Kyrkjetenar

Chloe vart fødd i mai 1995, og Joy var enno så engelsk i tanken at ho meinte det var rettast å vere heime med små born. Men då jenta var to år, fann foreldra ut at ho burde begynne i barnehagen for å lære språket godt og bli betre kjend med dei andre

borna. – Då måtte eg skaffe meg ein jobb for å betale barnehagen. Slik vart eg kyrkjjetenar, i 1997, seier Joy. Den gong var det manuell ringing, så då ho «klatra» opp den bratte trappa i tårnet for å ringje, var Chloe att og venta på galleriet. Stort sett gjekk det fint, men ein gong datt ho og slo seg slik at gråten langt på veg kunne måle seg med volumet på preludiet som faren spelte.

- Vi vurderte å flytte tilbake til England til Chloe var fire år og skulle begynne på skulen, men kom til at det var eigentleg heilt unødvendig. Vi hadde det godt her. Og i 1999 vart ho storesøster til Sebastian. Då hadde vi for lengst kjøpt hus i Gamleheimsbakken, og no har vi ingen planar om retur, seier Joy.

### Sekretær to stader

I september 2001 overtok ho til som sekretær på kyrkjekontoret etter Ingveig Haugen. Då var det manuell føring av kyrkjebøkene, men med tida kom meir og meir av jobben over på data, kyrkja fekk facebook og nettside. Det siste eg gjorde før eg slutta, var å lage ei ny nettside frå Kirkepartner, kyrkja.no/Fjaler, seier Joy, som også hadde arbeid med utsending av post,

kyrkjebudet, plakatlaging og anna. I 2009 begynte ho også som sekretær ved kyrkjekontoret på Sande, og hadde tre stillingar fram til 2011, då ho slutta som kyrkjjetenar. Ho er oppteken av miljøutfordringa og ivra for Fjaler som grøn kyrkjelyd.

Joy har vore med i Cantus og Jubelhornet, og ho er ei av jentene i Lagopus. Palmejam med Dale Musikkorps var moro, så ho håper dei kjem i gang att etter koronapausen. I England spelte ho cello i ungdomsorkester, og ho tek solistoppdrag til dømes i gravferd når ho blir spurd og det passar.

### Politikk er interessant

Som samfunnsinteressert menneske vart det naturleg å engasjere seg politisk. Ho valde KrF og var nestleiar der. I åra 2013-17 møtte ho nokre gonger i kommunestyret som 1. vara, men ved siste valet, då ho var listetopp, gjekk mandatet tapt. Det synest ho er synd for partiet, men for eigen del var det ei lette. – Eg liker meg ikkje på talarstolen og trur det er ein terskel for fleire å be om ordet i kommunestyret og gå den laaaaange vegen fram dit, meiner Joy. Men politikk er interessant, og du utviklar deg som person ved å vere

aktiv. Motstykket er at enkelte ting, som gravplassaka, tek uhorveleg lang tid å føre i mål. Nærare 30 år burde ikkje vere nødvendig. Saman med Magnus Løvik og Ivar Selvåg sat ho i nemnda som føreslo vegnamn i Dale. Sidan ho ikkje opplever at KrF no er det partiet ho gjekk inn i, melde ho seg ut og er partiløus.

### Gode år i Fjaler

Joy summerer opp tida i Fjaler med at dei vart tekne godt imot og har likt seg. – Vi har vorte kjende med mange, og i jobben har eg følgt livsløpet frå dåp til gravferd. Ved at vi konsekvent snakkar engelsk heime, også med ungane, men dei svarer på norsk, tek vi vare på begge språka. Ja, Sebastian slår over på engelsk når det er noko han vil ha, ler Joy. Om ho ikkje bryr seg om fotball, liker Joy å sjå tennis frå Wimbledon som ligg nær der ho vaks opp. Så dei to vekene i året det pågår, følgjer ho med på skjermen.

*Tekst og foto: Atle Lyngstad Ness*

## I kyrkjelyden sidan sist

### Dale

#### Døypte:

Elling Espedal Selvåg  
Live Sørebo Dyrstad  
Amelia Rose Sunde (døypd i Kyrkjebø kyrkje)  
Mio Ullebø Breidvik  
Arthur Eldevik Dale  
Albert Eldevik Dale

#### Vigde:

Malin Therese Jørgensen og Magnus Madsen

#### Døde:

Nordis Tora Marie Borthheim f. 1931  
Kjellaug Åsnes f. 1928  
Ove Arstein f. 1946  
Arvid Alisøy f. 1942  
Alma Konstanse Øye f. 1932

Janikke Aase f. 1925  
Hildegunn Aase f. 1963  
Aslaug Sofie Sunde f. 1931  
Trygve Hermod Heggheim f. 1935  
Else Karin Hanssen f. 1938  
Gunnlaug Nistad f. 1927  
Stefan Alexander Lysaker f. 1961

### Folkestad

#### Døypte:

Mateo Gjervik Inderøy

### Hellevik

#### Døde:

Kåre Andreas Tyssekvam f. 1932  
Elisabeth Kjøsnes f. 1932  
Johanne O. Eiken f. 1924

# Velkommen til kyrkje

Sjekk [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no), [facebook.com/FjalerKyrkja](https://facebook.com/FjalerKyrkja)  
eller sjå annonsen i Firda kvar laurdag for oppdatert informasjon.

## **Søndag 27. mars.**

Dale kyrkje kl. 11.00  
Familiegudsteneste. GT-agentane og barnekoret deltek.  
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Folkestad bedehuskapell kl. 14.00  
Gudsteneste. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

## **Søndag 3. april**

Dale kyrkje kl. 19.00  
Samtalegudsteneste med konfirmantane frå heile Fjaler.  
Offer til Alværa.

## **Tysdag 5. april**

Dale kyrkje kl. 20.00  
Solidaritetskonsert med elevar frå Hyllestad og Fjaler  
kulturskule og UWC som avslutning på fasteaksjonen.

## **Skjærtorsdag 1. april.**

Guddal kyrkje kl. 19.00  
Gudsteneste. Offer til Strømmestiftelsen.

## **Langfredag 15. april**

Dale kyrkje kl. 19.00  
Gudsteneste.

## **Påskedag 17. april**

Dale kyrkje kl. 11.00  
Høgtidsgudsteneste. Cantus deltek. Offer til  
Strømmestiftelsen.

Folkestad bedehuskapell. kl. 18.40.  
Mark spelar Orgelkonsert nr.VI av Händel.  
Høgtidsgudsteneste kl. 19.00. Offer til  
Strømmestiftelsen.

## **Søndag 24. april**

Dale kyrkje kl. 11.00  
Barnas påsegudsteneste med påskevandrarar og  
barnekoret. Utdeling av påkeboka. Offer til SOS  
Barnebyar.

## **Lørdag 30. april**

Folkestad kapell kl. 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og  
konfirmantarbeidet.

## **Lørdag 7. mai.**

Dale kyrkje kl. 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og  
konfirmantarbeidet.

## **Lørdag 14. mai**

Guddal kyrkje kl. 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og  
konfirmantarbeidet.

## **Tysdag 17. mai**

Dale kyrkje kl. 11.00  
Festgudsteneste. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Guddal kyrkje kl. 13.00  
Festgudsteneste. Familiecoret deltek. Offer til Guddal  
familiekor.

## **Søndag 22. mai.**

Dale kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste. Innskriving av konfirmantane. Barnekoret  
deltek. Offer til Alværa.

Folkestad bedehuskapell kl. 14.00.  
Gudsteneste. Innskriving av konfirmantane. Offer til  
Alværa.

## **Onsdag 1. juni**

Dale kyrkje kl. 19.00.  
Ebony and ivory live together in perfect harmony: Eit  
mangfald av fargerik orgel- og pianomusikk v/Mark  
Taylor. Offer til konsertpianoet.

## **Pinsedag 5. juni.**

Dale kyrkje kl. 11.00.  
Høgtidsgudsteneste. Cantus deltek. Offer til Kirkens  
SOS Bergen.

Folkestad bedehuskapell kl. 19.00.  
Høgtidsgudsteneste. Offer til Kirkens SOS Bergen.

## **Søndag 12. juni**

Guddal kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste. Innskriving av konfirmantane. Familiecoret  
deltek. Offer til Alværa.

Straumsnes grendahus kl. 13.30.  
Gudsteneste og kyrkjekaffi. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

## **Søndag 26. juni.**

Dale kyrkje kl. 11.00.  
Gudsteneste. Offer til KABB – kristent arbeid blant  
blinde.

## **Søndag 17. juli**

Dale kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste.

**Søndag 31. juli**

Korssundkrossen kl 14.00

Friluftsgudsteneste. I Folkestad kapell om dårleg vær.

**Søndag 7. august**

Dale kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Solosong v/ Ingvild Rakneberg.

**Søndag 14. august**

Dale kyrkje kl. 19.00

Avsluttande konsert i Dalsfjordveka. Bjørn Tomren med band: Sigbjørn Apeland på orgel/trøorgel, Åse Britt Jakobsen og Hallvar Djupvik . Billettsal kr. 400,-.

**Søndag 21. august**

Folkestad bedehuskapell kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon. Song v/ Søstrene Våge.

**Dale kyrkje 28. august**

Dale kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.

## Konfirmantar vår 2022

**Folkestad kapell 30. april kl. 11.00**

Emma Haugstad

Benjamin Tveit Nødset

Troy André Stølen

**Dale kyrkje 7. mai kl. 11.00**

Amanda Antonisen

Alve Nistad Blikås

Rebekka Stubhaug Gotteberg

Thea Kvile Hjartholm

Troy Solheim Hjartholm

Sander Viken Hjellbrekke

Sigrid Halveg Nistad

Nora Mundal Nistad

Arwin Sande-Neset

Lone Kyrkjebø Solheim

Agnes Gunhildsdotter Sævik

Frida Tjugen Thorbjørnsrød

Haldor Vårdal

**Guddal kyrkje 14. mai kl. 11.00**

Malene Boge

Laura Dyregrov

Tuva Gallefoss

Thea Heggheim Møller

Ane Mandelid Sandøy

**Kyrkjeblad for Fjaler****Kontonr.** 3741 20 73135**Bladpengar kr. 250 / 300 for året.****Redaktør:** Knut Arne Kummeneje og Hildegunn Helleset**Prent:** Ingvald Husabø Prenteverk a.s.**fjaler.kyrkjeblad@gmail.com****Kyrkja i Fjaler**[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

Fjaler kyrkjekontor

Dalstunet

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 57 73 97 70

**Kyrkjekontoret er ope**

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Er det lys etter stengetid, kom gjerne innom!

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve

kontoret stengt også når det skulle vore ope.

**Tilsette med kontorplass:****Sokneprest Knut Arne Kummeneje**

jobb: 57 73 97 75, mobil: 908 55 230

knakum@fjaler.kyrkja.no

**Kyrkjevevjerje Irene Fløde**

jobb: 57 73 97 71, mobil: 992 38 420

kyrkjevevjerje@fjaler.kyrkja.no

Mandag, tysdag, torsdag og fredag

**Kantor Mark Taylor**

jobb: 57 73 97 74, mobil: 975 13 449

kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

**Sekretær Hildegunn Helleset**

jobb: 57 73 97 72, Mobil: 909 60 321

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

onsdag og torsdag

**Kyrkjetenarar:****Dale kyrkje**

Atle Lyngstad Ness tlf: 911 49 8064

**Hellevik- og Folkestad bedehuskapell  
Guddal kyrkje**

Anne Brit Mo tlf: 950 21 424

**Vedlikehald av Hellevik og Folkestad  
gravplassar** Jostein Folkestad**Fjaler sokneråd****Leiar Trude G Høgseth Felde** tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701



# Velkomen til langfredagsgudsteneste i Dale kyrkje!

Gudstenesta i Dale kyrkje langfredag er ei annleis gudsteneste. Den kallast pasjonsgudsteneste og handlar om Jesu lidingssoge inntil han døyr på krossen. Musikken og salmane i gudstenesta pregar temaet og handlinga i bibelteksten – som er den lengste lesne teksten gjennom året. For at påska skal få ein heilskap, er kvar dag i den stille veka viktig, frå paldesøndag til påskedag. Og Jesu lidingssoge høyrer med. Langfredagsgudstenesta gir ein spesiell moglegheit til refleksjon og ettertanke.

Vel møtt langfredag kl 19.00 i Dale kyrkje!

## Velkomen til påsegudsteneste!

**Skjærtorsdag**  
 Guddal kyrkje kl.19.00  
 Gudsteneste  
 Offer til Strømmestiftelsen

**Langfredag**  
 Dale kyrkje kl.19.00  
 Gudsteneste

**Påskedag**  
 Dale kyrkje kl.11.00  
 Høgtidsgudsteneste med Cantus  
 Offer til Strømmestiftelsen

**Folkestad bedehusapel**  
 kl.18.40 Orgelkonsert  
 kl.19.00 Gudsteneste  
 Offer til Strømmestiftelsen



**Har dere rom for en til i familien?  
 Nå er det behov for flere fosterhjem  
 i ditt nærrområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

[fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)